

Bellis Gravferdsbyrå AS
Hareid · Ulstein · Herøy

Tlf. 915 99 449 · bellis.gravferd@gmail.com
Våre kontor er bemanna etter avtale.

Informasjon





*Ta vare på livet.
Ta vare på minna.
Så tek vi vare på deg
når du treng det.*

INNHALD

Når nokon døyrr _____	4
Val til gravferda _____	6
Gravstaden _____	8
Økonomi, kostnadar og stønad _____	10
Arv og skifte _____	12
Kva vi kan hjelpe deg med _____	18

Hjelp når du treng det

Å misse ein som har stått oss nær
er ofte vanskeleg å handtere.
Enten dødsfallet kjem brått
eller etter lengre tids sjukdom,
er det mykje å bearbeide.

Målet vårt er å vere nyttige medmenneske
i ei vanskeleg tid.

Det er de som skal ta alle vala,
men vi vil hjelpe til heile vegen;
gje gode råd og opplyse og informere
om dei ulike alternativa som finst.

I dette heftet vil du finne informasjon
om ein del av dei spørsmåla du vil møte.

Vi kan organisere og gå igjennom
alt det praktiske saman med dykk i samtalar,
og dersom det dukkar opp andre spørsmål
er vi alltid tilgjengelege for ein prat.

NÅR NOKON DØYR

Sorg

Sorg er ein reaksjon på tap. Det er ein heilt naturleg reaksjon, og vil som regel vere sterkare til nærare forholdet til den døde var.

Sorgbearbeiding er eit arbeid som krev både tid og krefter. Prosessen kan verken stansast, framskundast eller fjernast, og sorga må få ta den tida det tek - det er heilt individuelt og blir nødvendigvis opplevd ulikt.

Nokre kjenneteikn går ofte igjen:

- Du kan verte trist
- Du kan verte trøytt, utsliten og kjenne deg tom
- Du kan få behov for trøyst og nærleik
- Du kan få behov for avstand og tid for deg sjølv
- Enkelte ting vert svært energikrevjande
- Du kan få skuldkjensle eller bli sint, verte letta eller likegyldig

Samtale som terapi

Erfaring viser at dei aller fleste vil ha nytte av å snakke med nokon om det som har skjedd. Familie, venner eller naboar kan vere gode støttespelarar, eller nokon utanom den næraste omgangskrinsen kan også kontaktast.

Fleire kyrkjekontor har tilsette som tilbyr sorgsamtalar - uavhengig av livssyn. Det finst også ulike organisasjonar, terapeutar og psykologar som har spesialisert seg på og tilbyr samtalar og terapi for sørgjande. Det har vist seg nyttig for fleire å delta i gruppesamtalar med andre som er i omtrent same situasjon. Å kunne dele tankar og kjensler, samt oppleve både likskap og skilnadar i det å leve med sorg og å takle det, vil for mange vere til stor hjelp.

Ansvarleg for gravferda

Kven har rett til å bestemme?

Etterletne over 18 år i slik rekkjefølge:

- Ektefelle/sambuar
- Barn
- Foreldre
- Barnebarn
- Besteforeldre
- Søsken
- Barna til søskena
- Søskena til foreldra

Dersom avdøde har skrive under på ei erklæring om kven som skal ha ansvaret for gravferda, vil det ha første prioritet.

Viss det er usemje om kven som skal syte for gravferda, er det kommunen som avgjer dette.

Vedtaket frå kommunen kan ikkje klagast på eller ankast.

Ref. og ytterlegare presiseringar: Gravplasslovas § 9.

Det er ingen samanheng mellom kven som er ansvarlege for gravferda og dei arverettslege forholda. Likevel inneber norsk rettspraksis at den som syter for gravferda, uavhengig av om vedkommande er arving, kan krevje kostnadane for gravferda dekte av buet før arven vert fordelt.



*... Vondt deg å miste, ufattelig å forstå,
vi unner deg hvilen, men savner deg så...*

Syning – å sjå den døde

Mange synes det er godt å sjå sine næraste og ta farvel ein siste gong før gravferda. Forsking viser også at dette har mykje å seie for sorgarbeidet seinare.

Det er viktig at kvar einskild sjølv får bestemme om han eller ho vil sjå den døde.

Barn kan også vere med. Det kan vere vanskeleg å forstå dette med døden, men å få sjå den døde kan vere til hjelp slik at fantasien ikkje tek overhand.

Nokre vel å berre sitje der og vere hos den døde, andre ønskjer å ta med seg noko for å leggje i kista; det vere seg t.d. ein blomster, eit brev eller ei teikning.

Ei syning vil vanlegvis gå føre seg i eit kapell eller eit anna eigna syningsrom, og kan avtalast med oss i gravferdsbyrået.

VAL TIL GRAVFERDA

Type seremoni, tid og stad

Seremonien bør vere personleg og gravlegging skal skje med respekt for avdødes religion og livssyn.

Det er fleire ulike former for seremoniar; kyrkjeleg, humanistisk, livssynsnøytral og andre.

Gravferda skal ifølgje lova finne stad innan ti yrkedagar etter dødsfallet.

Gravferder kan haldast i både kyrkjer, kapell og andre eigna lokale.

Gravferd eller kremasjon

Dersom avdøde ikkje hadde spesifisert sine ønske, er det opp til familien å velje kva form seremonien skal ha.

Gravferd

Gravferd er når kista vert boren ut og følgt til ei grav. Kista vert senka ved hjelp av tau eller senkeapparat på ein godkjend gravplass. Som regel vert grava lukka etter at familien har gått frå gravstaden.

Kremasjon

Bisetting er når kista blir boren ut til bil eller senka inne i kyrkja/kapellet. Kista blir køyrd til krematoriet der brenninga blir gjennomført. All oske vert så lagt i ei urne som seinare vert sett ned på den gravstaden som er valt. Urna kan settast ned i ein ny eller ein etablert gravstad. Det er også lov å velje ein namna Minnelund, anonym gravstad eller oskespreiing.

Open seremoni eller i det stille

Dei fleste gravferder er opne for alle.

Då vil alle som har hatt eit forhold til den døde få høve til å vise medkjensla si og ta farvel, uavhengig av om dei kjenner dei pårørande eller ikkje. Ved seremoni i det stille vil berre inviterte vere til stades, og seremonien blir kunngjort utan informasjon om tid og stad.

Berarar

Det trengs vanlegvis seks personar til å bere kista ut av seremonirommet. Som oftast er dette familie og næraste venner. Det er tyngst å bere for dei som går bakarst.

Senking av kista

Kista kan senkast både med tau eller ved hjelp av senkeapparat. Dersom det vert brukt tau, er det vanlegvis dei som ber ut kista som også er med å senke.

Ved hjelp av senkeapparat vil kista bli senka maskinelt. Dersom ein ikkje ønskjer å vere til stades når kista vert senka, tek ein dette opp med seremonileiaren.

Minneord

Saman med seremonileiaren vil de bli einige om kven som skal framføre minneorda og kva som skal seiast. Vanlegvis tek seremonileiaren kontakt med familien.

Sløyfelesing

Om helsingane på sløyfene skal lesast høgt i sjølve seremonien, er ein praksis som varierer frå stad til stad. Nokre gjer det alltid, medan det ikkje vert gjort andre stadar. Snakk gjerne med seremonileiaren om dette.

Frammøte og antrekk

Familien møter i god tid før seremonien startar. Som oftast er ein halvtime før tilstrekkeleg.

Antrekket skal vere pent, men treng ikkje nødvendigvis å vere i svart.



*«Eit levd liv set alltid spor,
og ei gravferd kan vere både
vakker og personleg når
historia om eit menneske
skal forteljast.»*

GRAVSTADEN

***Mange finn det naturleg å ha ei grav å gå til.
Ein ny gravstad vert vanlegvis freda for minst 20 år.***

Departementet gjev reglar om korleis gravlunden skal utformast og utstyrast, forholde i jordbotnen, storleiken og djupna på grava, gravminne, gravregister og kartverk.

Fri grav

Alle har rett til éi ny, fri grav som det ikkje skal betalast for i fredingstida på 20 år i heimekommunen.

Dersom det er ønskeleg å halde av plass til ei kistegrav til ektefellen eller andre i samband med ein ny gravstad, må det betalast festeavgift for den reserveerte plassen. Urner er det som regel alltid plass til på ein enkelt gravstad eller urnegravstad.

Viss de vil bruke ein eksisterande gravstad, er det den opphavlege festetida og -avgifta som vert rekna.

Gravfeste

Festaren er den personen som står ansvarleg for gravstaden, og har rett og plikt til å vedlikehalde denne. Festaren må gje s amtykke dersom grava skal brukast igjen.

Anonym gravstad/minnelund

Med anonym grav meiner vi ei grav som ikkje har ein ansvarleg, og der plasseringa av grava er kjent berre for gravferdsmyndigheitene. Det kan ikkje krevjast gravminne på ei anonym grav, grava kan ikkje festast og det er ikkje høve til å vere til stades under urnenedsettinga.

Minnelund med namn

Ein minnelund med namn er graver i eit felt med eit felles minnesmerke der det er høve til å setje opp namn og årstal for fødsel og død til den gravlagde. I ein minnelund med namn vil gravplassforvaltinga syte for felles planting og stell.

Som regel er det høve til å halde av plass til attlevande, og det er høve til å vere til stades ved urnenedsettinga om det er ønskeleg.

Oskespreiing

Etter søknad frå ein person som har fylt 15 år kan statsforvaltaren gje løyve til at den som skal syte for gravferda kan spreie oska for vinden. Løyvet kan også innvilgast etter vedkommandes død.

Oskespreiing skal gå føre seg «utanfor allfarveg», dvs. på hav, fjord, skog eller fjell.

Det er ikkje høve til å ha både ein gravstad og å foreta oskespreiing. Oskespreiing vert som regel gjennomført av dei pårørande sjølv, og det kan ikkje krevjast kyrkjeleg medverknad.

Urnedesetting

Når det er avgjort kvar urna skal setjast ned, skjer det i samarbeid med kyrkjekontoret. Vanlegvis er det berre kyrkjetenar/gravar som møter saman med familien (om dei ønskjer å vere til stades). Urna må setjast ned seinast seks månadar etter dødsfallet.

Gravstell

Det er mange aktørar som tilbyr gravstell gjennom året. Snakk med gravferdsbyrået dersom dette er ei aktuell løysing for dykk.

Gravstein/gravminne

Å setje ein gravstein eller eit anna minne på grava er ikkje ei plikt, men erfaringsmessig ønskjer praktisk tala alle å gjere det.

Viss avdøde skal i ei familiegrav vert namnet som oftast gravert inn på det eksisterande monumentet.

Dei fleste stadar har bestemte retningslinjer for storleik og utforming av gravminne. Vi informerer gjerne om dette og om dei praktiske sidene ved inngraving og val av ny stein.

Ofte vert det sett opp ein midlertidig kross eller eit anna merke på grava fram til den rette løysinga for det permanente gravminnet er bestemt.

*«Ved Fjære kirke
jeg så en grav»*

– Henrik Ibsen

ØKONOMI, KOSTNADAR OG STØNAD

Kven betalar

Dersom det er midlar etter avdøde, vert gravferdskostnadane dekte av buet så langt det rekk.

Den som står ansvarleg for gravferda som er ansvarleg for desse kostnadane.

Viss ingen vil vere ansvarleg for gravferda, er det kommunen som overtek ansvaret, og dei vil såleis bestemme alt om korleis gravferda skal vere.

Avdødes og felles bankkonto

Så snart dødsfallet er registrert i Folkeregisteret vil bankane sperre avdødes kontoar.

Viss nokon andre har hatt disposisjonsrett til kontoane, vil dei då misse den.

Tilgang til kontoane får de først når det juridiske er ferdigbehandla og de har fått ein skifteattest der det står kven som er arvingar. Når fleire personar er nemnde i ein skifteattest, må det også føreliggje skriftleg fullmakt frå samtlege arvingar til den/dei som møter i banken.

Nokre bankar vil godta utbetalingar for å dekkje rekningar som heilt klart skal belastast den døde sitt bu, som t.d. gravferdsrekninga som er eit prioritert krav i buet.

Når det gjeld andre rekningar kan kreditorane kontaktast med informasjon om at vedkommande er død og at rekningane vert betalte så snart de har fått tilgang til kontoane. Dei fleste seriøse kreditorar aksepterer dette utan å sende purringar, rentekrav eller truslar om inkasso.

Gravferdsstønad

Dersom vilkåra er oppfylte, kan de søkje om behovsprøvd gravferdsstønad gjennom NAV.

Avdødes og ev. ektefelles siste tilgjengelege skattelikning ligg då til grunn for avgjerda.

Maksbeløpet for stønaden vert endra kvart år, og blir avkorta mot formue, forsikringsbeløp, tenestepensjon som vert utbetalt for månaden etter dødsfallet, utbetalingar frå begravelseskasse og liknande.

Ved dødsfall av barn under 18 år vert utgiftene dekte opp til eit fastsett beløp tilsvarande gravferdsstønad utan behovsprøving.

Stønad ved båretransport

Dersom nødvendig transport av avdøde er over 20 km og de elles er innanfor NAVs vilkår, kan de søkje om båretransportstønad. Når den er godkjent dekkjer NAV dei nødvendige transportkostnadane og trekkjer frå ein eigenandel.

Vi undersøker om det er grunnlag for å søkje refusjon, og hjelper til med nødvendige søknadar.





Gravferdskostnadane vil i stor grad henge saman med dei vala som vert gjorde under planlegginga. Vi hjelper dykk å planleggje ein verdig seremoni ut frå den einskilde sine ønske og økonomi.

NAV

Det finst nokre stønadsordningar som gjeld etter dødsfall, men som ikkje trer i kraft utan at det vert søkt om.

Her nemner vi nokre av dei. Ta kontakt med NAV der de bur dersom nokre av desse kan vere aktuelle for dykk:

- Pensjon til attlevande enkje/enkjemann
- Overgangsstønad til attlevande ektefelle
- Stønad om barnetilsyn
- Utdanningsstønad
- Utvida barnetrygd
- Barnepensjon
- Dersom attlevande ektefelle allereie er pensjonist, kan tilleggsfordelar ytast.

Fagforeiningsstønad

Nokre fagforeiningar har gravferdskasser eller yter gravferdsstønad til medlemmene sine, og i nokre tilfelle også til medlemmenes ektefellar. Dette gjeld særleg fagforeiningar som tilknytte LO.

Viss fagforeininga har ei slik ordning, vil buet til avdøde som oftast ha krav på utbetaling dersom han/ho var medlem den dagen han/ho vart pensjonert, eller sjukmeld/uføretrygda utan å kome i arbeid igjen før pensjon. Dette kan ikkje utbetalast utan at det vert fremja krav om det.

Før utbetaling må vanlegvis skifteattest leggjast fram. Vi gjer merksam på at nokre av desse ordningane har ein foreldingsfrist på tre månadar etter dødsfallet.

Forsikringar, livsforsikringar og pensjonsforsikringar/trygd

Dei pårørande bør sjølv melde frå til det selskapet forsikringa er teikna hos. Dei fleste selskap har eitt skjema som må fyllast ut, og dette får de tilsendt når de ber om det.

Formuesfullmakt/Proklama (gjeldsoversikt)

Ein arving kan få utferda ei formuesfullmakt av tingretten før de tek stilling til korleis buet skal skiftast.

Ei formuesfullmakt gjev deg betre oversikt over avdødes økonomi, og de kan bruke den til å få tilgang til skatteopplysningar, innestående saldo på bankkonto, gjeld, m.v.

Dersom de er tvil om avdøde etterlet seg meir gjeld enn verdiar, bør de be tingretten utferde proklama. Dette ber de om skriftleg, og det må betalast eit gebyr. Proklama er ei kunngjering som vert publisert i Norsk Lysingsblad og lokale eller regionale aviser, og inneber at alle kreditorar må melde krava sine innan seks veker. Viss ein kreditor ikkje melder kravet sitt innan fristen, fell kravet bort. Ver merksame på at proklamaet ikkje gjeld utanlandske kreditorar, pantekrav eller skatte- og avgiftskrav.

ARV OG SKIFTE

Arveloven – www.domstol.no

Tingretten ønskjer gjerne direkte kontakt med avdøde sine arvingar, og vil kunne gje rettleiing og gode råd.

Ein slik kontakt bør de ta innan 60 dagar etter dødsfallet.

Det er ingen samanheng mellom kven som står som ansvarleg for gravferda og dei arverettslege forholda. Norsk rettspraksis inneber likevel at den som syter for gravferda kan krevje kostnadane til gravferda dekte av buet før buet blir delt, uavhengig av om vedkommande er arving.

Det er mange forhold som er med på å avgjere kva som skjer med avdøde si formue og gjeld, avhengig av om det finst attlevande ektefelle eller familie, og om det er oppretta eit testament eller ei ektepakt. Her er det advokatar, politi, bankar og tingretten som er dei viktigaste rådgjevarane. Skifteretten gjev gode råd kostnadsfritt for dei pårørande.

Skjema for uskifte og/eller overtaking av arv og gjeld finn de på www.domstol.no, eller de kan få det tilsendt frå tingretten. Vi i gravferdsbyrået kan også hjelpe til.



«Livet kan bare forstås baklengs, men de må leves forlengs»

– Søren Kierkegaard

HUGSELISTE

Behandling av buet

Kva de må gjere etter eit dødsfall

- ☐ **Få oversikt over avdødes formue, gjeld og eigedelar**
 - Be om ei formuesfullmakt frå tingretten
 - Utferde proklama for å få ein gjeldsoversikt
- ☐ **Undersøkje om avdøde hadde testament eller ektepakt**
 - Sjekke med tingretten
 - Sjekke om det ev. kan vere oppbevart privat, hos ein advokat eller t.d. i ein bankboks
- ☐ **Velje den ønskete skifteforma innan 60 dagar**
 - Privat skifte
 - Offentleg skifte
 - Bu av liten verdi
 - Summarisk skifte
 - Uskifte
- ☐ **Velje kven som skal vere bustyrar og ta seg av det praktiske**
- ☐ **Få utferda skifteattest/uskifteattest**
 - Vert utferda av tingretten etter at arvingane har sendt inn skiftepapira
 - Ta gjerne fleire kopiar dersom bankar eller andre instansar ønskjer dette
- ☐ **Be om førehandslikning**
 - Skatteetaten
- ☐ **Eventuelt sal av eigedelar**
 - Det vert tilrådd å kontakte profesjonelle partar ved sal av større eigedelar ettersom desse kan gje gode råd og tips m.o.t. regelverk, skatt og gjennomføring
- ☐ **Innhente forsikringspengar/-fagforeiningsstønad**
 - Kontakte selskapa. Dei krev ofte kopi av skifteattesten
- ☐ **Betale uteståande rekningar og gjeld**
- ☐ **Avslutte og gjere opp bank og fordele buet til arvingane i samsvar med lova eller testament/ektepakt**



SKIFTEFORM

Arvingane må ta stilling til korleis buet skal skiftast og kven som skal fordele arven etter avdøde mellom arvingane. Det er fleire former for skifte, men reglane for skifte er i alt det vesentlege dei same, uavhengig av måten skiftet vert gjennomført på.

Privat skifte

Arvingane vert einige seg imellom korleis eigedelar, gjeld og formue skal fordelast. Det er derfor viktig å fastslå kven som er avdødes faktiske arvingar. Dersom arvingane skal gjennomføre eit privat skifte, vil retten gje dei ein skifteattest. Denne attesten gjev arvingane råderett over eigedelane etter avdøde. Ofte er det føremålstenleg å gje fullmakt til ein som får ansvaret for å kontakte bank, meklar o.a.. Fullmaktsskjema ligg på domstol.no. Ver merksam på at mange instansar krev legitimasjon saman med fullmakta.

Uskift bu

Ektefellar har som regel felleseige med avdøde, og då kan dei i dei fleste tilfelle få sitte i uskift bu. Reglane om uskift bu inneber i praksis at enkja/enkjemannen/sambuaren får behalde alt på visse vilkår – altså heile felleseiget (ev. særeiget) og får styre det som om han/ho eigde det heile. Arven blir fordelt på dei andre arvingane først når enkja/enkjemannen dør. Nokre gonger kan det vere føremålstenleg å vurdere privat skifte sjølv om avdøde var gift eller sambuar.

Lite til skifte

Dersom avdøde etterlet seg lite eller

ingenting til skifte, kan det gjennomførast eit privat oppgjør av dødsbu av liten verdi (Fullmakt etter arvelova § 95). Då tek ingen ansvar for gjeld ut over det buet dekkjer, og det er ikkje nødvendig å vere arving for å få utferda skifteattest etter § 95. Skifteretten kan opplyse om vilkåra for eit slikt skifte ligg føre.

Offentleg skifte

Offentleg skifte betyr at det er tingretten som skifter buet. Ein advokat vert oppnemnt som bustyrar til å forvalte buet, og denne får fullmakt til å ordne alt i samband med bubehandlinga og buoppgjeret. Kostnadane ved ei slik skifteform vert dekt av buet dersom der er nok midlar til det.

Dersom arvingane ikkje ønskjer å ta på seg ansvaret med å fordele formuen til avdøde, gjelda og eigedelane - eller av andre grunnar ønskjer å gjennomføre eit offentlig skifte - kan tingretten i nokre tilfelle gjennomføre eit offentlig skifte. Tingretten vil då utnemne ein bustyrar til å forvalte buet på rettens vegne. Kontakten med arvingane vil då som regel bli oppretthalden gjennom bustyraren. Når alle spørsmål som vedkjem bubehandlinga er avklara, også ev. tvistar, dekning av gjeld, m.v. vil bustyraren sende saka over til tingretten. Tingretten avsluttar offentlig skifte med ei slutning og fordeling til arvingane (utlodning).

Det finst ikkje eige skjema for å be om offentlig

skifte, så dette må de be tingretten om skriftleg om de ønskjer det.

Summarisk skifte

Summarisk skifte er eit forenkla offentleg skifte, og det er berre attlevande ektefelle som kan be om dette. Ved summarisk skifte må ektefellen sette opp eit oversyn over verdier og gjeld etter avdøde.

Dersom ektefellen og dei andre arvingane er usamde, kan buet bli overført til offentleg skifte viss

- Ein arving krev det, men ikkje viss ektefellen har overteke buet i uskifte
- Tingretten meiner det er føremålstenleg

Summarisk skifte er gebyrfritt. Viss saka blir overført til ordinært, offentleg skifte, dekkjer midlane i buet utgiftene.

Det finst ikkje eige skjema for å be om

summarisk skifte, så dette må de be tingretten om skriftleg om de ønskjer det.

Førehandslikning

Arvingane har plikt til å levere skattemelding for det året dødsfallet skjedde.

For å få gjort opp buet endeleg, er det ofte nødvendig å krevje førehandsfastsetting av skatt for avdøde.

Nødvendige opplysningar må innhenta frå bank, NAV, arbeidsgjevar, osv. for å fylle ut skjema RF-1040 hos skatteetaten eller Altinn

Dokumenta kan lastast opp saman med skifteattest frå skatteetaten sine nettsider, eller sendast pr. post til Skatteetaten, Postboks 9200, Grønland, 0134 Oslo.

Dersom det er spørsmål om skatt/forskotsskatt vil skatteetaten vere hjelpsame med dette.



SKJEMA OG ATTESTAR

Skifteattest:

Tingretten utferdar denne etter at skifteskjema er utfyllt og innlevert av arvingane.

Skjema for arv og skifte:

www.domstol.no
Tingretten eller gravferdsbyrået.

Førehandslikning:

www.skatteetaten.no
RF-1040

Søknad om oskespreiing:

Statsforvaltaren.no

Legeerklæring om dødsfall: (dødsattest)

Vert utferda av legen og send til rett instans.
Denne vert ikkje utlevert til pårørande eller gravferdsbyrået.

HUGSELISTE

Opprydding etterpå

Nokre punkt de kanskje må tenkje på

Ta kontakt, gje beskjed om endring, overføre eller seie opp:

- | | |
|--|---|
| ☐ Ta hand om husdyr | ☐ Låneinstitusjonar, makulere kredittkort |
| ☐ Tømme kjøleskåp | ☐ Makulere id-kort og levere inn pass til politiet |
| ☐ Kaste søppel | ☐ Telefon og breiband/fiber |
| ☐ Vatne blomster | ☐ Oppføringar, nettkatalogar, Brønnøysundregistra, osv. |
| ☐ Skru ned omnar | ☐ Straumleverandør |
| ☐ Ta vare på post, rekningar og brev | ☐ Medlemskap |
| ☐ Få kontroll over nøklar | ☐ Organisasjonar og foreiningar |
| ☐ Førebyggje innbrot | ☐ Aviser |
| ☐ Hente eigedelar på sjukehuset | ☐ Fastlege og tannlege |
| ☐ Levere våpen til politiet | ☐ Sosiale media |
| ☐ Melde frå til verje, rekneskapsførar, o.a. | ☐ Hjelpemiddelsentralen |
| ☐ Gjere opp Pay-ex, Coop-konto, og liknande. | ☐ Alarmsentralen |
| ☐ Kontakte tingretten i avdødes heimkommune innan 60 dagar for skifte av buet | ☐ Varsle heimetenesta, reinhaldarar |
| ☐ Forsikringsselskap | ☐ Levere tilbake hjelpemiddel og trygggleiksalarm |
| ☐ Fagforeining | ☐ Levere medisinar til apoteket |
| ☐ Husvert, burettslag, leilegheit, eigedom | ☐ Hente innlevert tøy på vaskeri/reinseri |
| ☐ Bil, trafikkstasjon | ☐ Endre festar for graver som avdøde har hatt ansvar for |
| ☐ TV, diverse abonnement, parabol | |
| ☐ Autopass | |
| ☐ Bank, makulere bankkort | |

• Lista er ikkje fullstendig



***Vårt byrå er medlem
av bransjeorganisasjonane
Virke Gravferd og
Gravferdsalliansen Far Vel***

Dette inneber at vi må oppfylle organisasjonens krav til kvalifikasjonar, noko som jamleg blir kontrollert av eit kvalitetssikringsutval. Vi har forplikta oss til å følgje etiske reglar som føreset at vi utøver yrket med omsut og vørndnad.

Alle medarbeidarane våre har teieplikt om kundane sine personlege forhold. Du kan lese meir om Virke Gravferd på www.virke.no

VIRKE
GRAVFERD



HEI HVA KAN JEG HJELPE DEG MED?

Dikt om gravferdskonsulenter av Trygve Skaug

jo hei du, jeg skulle bare hatt en sånn person
som

skal vi se

som kan alt,

som lapper deg sammen når du ryker, liksom
som tåler en trøkk uten å gå i gulvet

som kan administrere alle de løse trådene i livet
mitt akkurat nå (og det er ganske mange)

som kan høre hele hjertet mitt ut,
om du skjønner

som kan være språket mitt når jeg ikke vet
hva jeg skal si

som kan si ifra til tanta mi
for vi har ikke god kjemi

som kan svare på alle de spørsmålene jeg har
inni huet mitt akkurat nå

som er skikkelig punktlig og ryddig og trygg

som kan ordne med noen til å spille noe fint
også

som ikke har dårlig tid (og som ser ut til å ikke
ha klokke)

men som er det mest tålmodige mennesket i
hele verden, om du skjønner

som støtter som gravstøtter og støtte-støtter

sjøl om alt brenner og ho egentlig skulle vært
skikkelig stressa og vært et annet sted og bare
tusen ting på en gang

og bare strekker ut en hånd til selv om
begge henda egentlig er fulle med ganske
heavy greier

ja en sånn som alltid tar en runde til

og som vet hvordan man polerer en bil


ja du kan si en sånn diakon-sjelesørger-
organisator-praktiker-økonomisk-
diplomataktig-alt-mulig-person

som er god å klemme på i tillegg, altså da
mener jeg sånn klemme-hulkegråte-la-hele-
innsida-renne-ut-på-skulderen-til-noen-klem

og som tåler åtte sår om dagen, minst

og som tåler at vi kanskje ikke har så mye
kontakt når jeg ikke trenger'n mer, liksom

som ikke gjør for mye utav seg eller eventuelt

A full-page background image showing a person in silhouette jumping joyfully in a field of tall grass. The sky is a warm, golden-yellow color, and several birds are captured in flight. The person's arms are outstretched, and their hair is blowing in the wind. The overall mood is one of freedom and happiness.

gjør det om det trengs
og som skjønner alt det der helt av seg selv
ja og så må den kunne ta vare på alt det
skjøreste jeg eier
sorgen min og sånne ting
og ha sånn sveis som tåler at det regner,
om du skjønner
jeg kommer kanskje på mer seinere så
vedkommende må kunne løse det der og da
har du en sånn som kan alt det der, bare?

*.... jeg tror jeg har akkurat en sånn som
du er på jakt etter..*

det er bare å ringe,
så kommer vi springende med en gang



*«Ta vare på livet
Ta vare på minna
Så tek vi vare på deg
når du treng det»*

Bellis Gravferdsbyrå AS
Hareid · Ulstein · Herøy

Tlf. 915 99 449 · bellis.gravferd@gmail.com · Våre kontor er bemanna etter avtale.

Hovedkontor, Hareid
Bellis Gravferdsbyrå AS
Raffelneset 17
6060 Hareid

Kontor, Ulstein
Bellis Gravferdsbyrå AS
Brendehaugen 6B
6065 Ulsteinvik

Samtalerom, Herøy
Bellis Gravferdsbyrå AS
Nautøya 8
9070 Tjørnvåg